



Valkyrkjelydar

- Her medrekna delegering av forsøk med valkyrkjelydar, kl § 24, 6. leddet

Samandrag

Med bakgrunn i at Kyrkjemøtet 2002 handsama utgreiinga "Samme kirke – ny ordning", har Kyrkjerådet sett i gang eit utgreiingsarbeid om kyrkjeleg organisering. Eit av spørsmåla som er reist her, er om det er mogeleg å skipe valkyrkjelydar. Hausten 2004 la KKD fram Ot.prp. nr. 30 "Om lov om endringar i lov av 7. juni 1996 nr. 31 om Den norske kirke", der det er forslag om eit tillegg til kl § 24 nytt sjetteste ledd: *"Kirkemøtet kan godkjenne forsøk med valgmenigheter som selv finansierer sin virksomhet. Nærmere vilkår fastsettes av Kirkemøtet."*

Kyrkjerådet tilrår Kyrkjemøtet å godkjenne at det blir sett i gang forsøk etter denne heimelen. I sak BM 1/05 fastsette Bispemøtet tre kriterium for kyrkjelydsbygging i Den norske kyrkja: dåp som medlemskriterium, at kyrkjelyden har ordinert prest som har ansvar for å forvalte ord og sakrament, og at kyrkjelyden står under tilsyn av biskop.

Kyrkjerådet føreslår at Kyrkjemøtet delegerer til Kyrkjerådet å fastsetje reglar for godkjenning av forsøk med valkyrkjelydar etter dei kriteria som Kyrkjemøtet vedtek, og å godkjenne enkeltforsøk med valkyrkjelydar.

Lova gir berre heimel til å drive forsøk med valkyrkjelydar, ikkje til å skipe valkyrkjelydar som ordinær ordning. Valkyrkjelydar får ikkje rett til økonomisk støtte frå stat, kommune eller fellesråd.

Framlegg til vedtak

Kyrkjerådet tilrår Kyrkjemøtet å gjere slikt vedtak:

1. Kyrkjemøtet er glad for at Kyrkjerådet har følgd opp Ot.prp. nr. 30 slik at det kan setjast i gang forsøk med valkyrkjelydar.
2. Kyrkjemøtet delegerer til Kyrkjerådet å fastsetje regelverk for forsøksarbeid i samsvar med desse kriteria:
 - i. Kyrkjelyden har dåp som medlemskriterium.
 - ii. Kyrkjelyden deler visjonen til Den norske kyrkja (slik Kyrkjemøtet uttrykkjer han).
 - iii. Kyrkjelyden har ein ordinert prest som er ansvarleg for å forvalte ord og sakrament.
 - iv. Kyrkjelyden er villig til å ta ansvar for alle kyrkjelege handlingar for medlemmene i kyrkjelyden.
 - v. Kyrkjelyden står under biskoppeleg tilsyn, jf. § 1 siste leddet i Tenesteordning for biskop.
 - vi. Det ligg føre eit forsvarleg økonomisk fundament for kyrkjelyden i forsøksperioden.
 - vii. Det er avklart korleis ein skal løyse oppgåver som gjeld forvaltning og arbeidsgivaransvar, som til dømes kyrkjebokføring, tilsetjingar og rapportering, og kva slags økonomiske avtalar som skal gjelde dersom valkyrkjelyden blir oppløyst.
 - viii. Det må være mogeleg å knyte valkyrkjelyden organisatorisk til dei regionale og/eller sentrale kyrkjelege organa.
 - ix. Det skal skipast ei styrings-/referansegruppe med representantar for lokalt, regionalt og sentralt kyrkjeleg organ som følgjer forsøket.
 - x. Forsøket skal til evaluering når forsøksperioden er over.
3. Kyrkjemøtet delegerer til Kyrkjerådet å godkjenne enkeltforsøk med valkyrkjelydar.
4. Kyrkjemøtet ber om å få rapport og evaluering frå forsøka til Kyrkjemøtet i 2011.

Saksorientering

Bakgrunn

Med bakgrunn i at Kyrkjemøtet 2002 handsama utgreiinga ”Samme kirke – ny ordning”, har Kyrkjerådet sett i gang eit utgreiingsarbeid om kyrkjeleg organisering. Eit av spørsmåla som er reist her, er om det er mogeleg å skipe valkyrkjelydar. Kyrkjemøtet bad òg Kyrkjerådet i 2003 om å skaffe ein generell lovheimel for forsøksarbeid i det kyrkjelege reformarbeidet. Kyrkjerådet sende 24.09.04 brev til KKD med oppmoding om utvida heimelsgrunnlag i kyrkjelova for forsøksarbeid.

På denne bakgrunnen fremja KKD seinhausten 2004 Ot.prp. nr. 30, der ein føreslår eit tillegg til kl § 24 nytt sjette ledd: *”Kirkemøtet kan godkjenne forsøk med valgmenigheter som selv finansierer sin virksomhet. Nærmere vilkår fastsettes av Kirkemøtet.”*

Kyrkjemøtet har med dette fått mynde til å godkjenne forsøk og fastsetje nærmare vilkår for godkjenning. Med dette forslaget fremjar Kyrkjerådet kriterium for å godkjenne valkyrkjelydar samtidig som Kyrkjerådet tilrår å delegere godkjenningsmyndet til Kyrkjerådet.

Handsaminga i Kyrkjemøtet

I sak KM 09/02 handsama Kyrkjemøtet 2002 innstillinga frå kyrkje-stat-utvalet i Kyrkjerådet. Kyrkjemøtet bad der Kyrkjerådet arbeide vidare med fem punkt i forlenginga av kyrkje-stat-utgreiinga. Utgreiinga ”Samme kirke – ny ordning” hadde eit avsnitt om valkyrkjelydar. Her står det at det *”kan vere ei viss opning for å danne slike valkyrkjelydar, med det bør skje på bestemte vilkår”*. Kyrkjemøtet bad Kyrkjerådet arbeide vidare med blant anna organisering av kyrkja.

Kyrkjemøtet i 2003 drøfta utvida heimel for forsøksarbeid både i sak KM 06/03 og i sak KM 13/03 under handsaminga av regelverk for val til sokneråd og bispedømmeråd og vedtok i sak KM 13/03 punkt 3:

Kirkemøtet ber Kirkerådet fremskaffe generell lovhemmel for forsøksvirksomhet i det kirkelige reformarbeid.

I sak KM 11/04 handsama Kyrkjemøtet 2004 identiteten og oppdraget til Den norske kyrkja. I vedtaket der, som er ei fråsegn til det regjeringsoppnemnde stat-kyrkje-utvalet, legg Kyrkjemøtet fram sitt syn på behovet for å tenkje nytt om arbeidsformer og organisering i kyrkja. I punkt 7 seier Kyrkjemøtet: *”Når kirkens formspråk kommer til kort i møte med samtiden, må kirken finne nye former og uttrykk i sin kommunikasjon. Når dens fellesskap oppleves ufullstendige, utfordres kirkens medlemmer til å finne nye former.”* Om soknet står det i punkt 15: *”Soknet er den grunnleggende organisatoriske enhet i Den norske kirke. Som hovedregel er kirkemedlemmene som bor i soknet medlemmer i menigheten der. Gjennom denne strukturen sikres et kirkelig nærvær i alle lokalsamfunn i landet, og menighetene gis en klar tilknytning til lokalmiljøet. Døvemenighetene er kategorialmenigheter for en bestemt gruppe kirkemedlemmer innenfor et distrikt. Som følge av endrede samfunnsforhold diskuterer Den norske kirke behovet for større fleksibilitet i den lokale organisering.”*

Handsaminga i Kyrkjerådet

I sitt brev av 24.02.04 til Kultur- og Kyrkjedepartementet (KKD) bad Kyrkjerådet departementet vurdere også ei utviding av heimelen for forsøksarbeid i samband med revisjonen av kyrkjelova. Kyrkjerådet skriv mellom anna: *"Den gjeldende hjemmelen i kirkeloven § 5 blir av Kirkemøtet oppfattet som for snever til å gi grunnlag for den type forsøksvirksomhet en ønsker for å videreutvikle kirkeordningen. Det er ifølge Kirkemøtet behov for å åpne for tiltak som kan prøve ut og bidra til å utvikle en annen organisering og en annen oppgavefordeling i den kirkelige forvaltningen enn det den gjeldende lovgivningen, inkludert forsøkshjemmelen, gir grunnlag for."*

Stavanger bispedømmeråd sende 30.06.04 brev til Kyrkjerådet der dei *"anmodet om å gjøre Lundehaugen menighet til en forsøksmenighet i Den norske kirkes reformarbeid"*.

Med slik bakgrunn sende Kyrkjerådet igjen brev 24.09.04 til KKD med ei utdjupa grunngeving for ønsket om *"utvidet hjemmelsgrunnlag for forsøksvirksomhet i kirkeloven"*.

Der skriv Kyrkjerådet mellom anna:

" Kirkerådet vedtok i sak 53/04 å be sekretariatet "arbeide for en utvidet forsøkshjemmel slik at det kan drives forsøk med ikke-geografiske sokn".

Det er i dag et visst rettslig grunnlag for å etablere ikke-geografiske menigheter innenfor Den norske kirkes struktur i form av kategorialmenigheter, jf. kirkeloven § 2 siste ledd, men det er neppe hjemmel for å etablere det som tradisjonelt har vært omtalt som 'valgmenigheter'. Slik Kirkerådet ser det, finnes det også noen andre bestemmelser som i alle fall berører problemstillinger som kan rubiseres under stikkordet 'valgmenighet'. Kongen (departementet) kan fastsette endringer i den kirkelige inndelingen, jf. kirkeloven § 2 andre ledd. Bispedømmerådet har fått delegert myndighet til blant annet å skille ut som sokn et distrikt hvor det er kirke, og til å slå sammen sokn. Sammenslåing av sokn kan i praksis føre til etablering av flere menigheter med ulike profil innenfor samme sokn, jf. for eksempel den gjennomførte sammenslåingen av soknene i Bergen sentrum. Løsning av soknebånd kan i realiteten også medføre noe av de samme virkningene som eventuell etablering av en valgmenighet, se kirkeloven § 4 andre ledd som gjelder stemmerett/valgbarhet. Kirkerådet ser at forsøksbestemmelsen i kirkeloven § 5 siste ledd neppe er tenkt å skulle åpne for forsøk med valgmenigheter, men intensjonen bak bestemmelsen er blant annet å åpne for lokale forsøk som kan bidra til å utvikle mer funksjonelle og effektive organisasjons- og driftsformer i og mellom sokn.

Kirkerådet vil også vise til at Bakkevig-utvalget i sin utredning peker på "det er eit aukande behov for fleksibilitet i organiseringa av det kyrkjelege arbeidet lokalt". Utvalget mener derfor at "ein bør utvide høvet til å høyre til eit anna sokn enn det den geografiske inndelinga tilseier, såkalla "soknebandsløsning"". Valgmenigheter omtales også av utvalget, og utvalget mener slike strukturer bør utredes nærmere. Videre sier utvalget at det "kan vere ei viss opning for å danne slike valkyrkjelydar, med det bør skje på bestemte vilkår".

"På denne bakgrunnen ber Kirkerådet om at departementet legger til rette for at det kan gjennomføres forsøk med ikke-geografiske sokn."

Ot.prp. nr. 30 (2004–2005)

KKD la 10.12.04 fram Ot.prp. nr. 20 (2004–2005) ”Om endringar i lov av 7. juni 1996 nr. 31 om Den norske kirke”. Der føreslår KKD tillegg til kl § 24 som nytt sjette ledd:

Kirkemøtet kan godkjenne forsøk med valgmenigheter som selv finansierer sin virksomhet. Nærmere vilkår fastsettes av Kirkemøtet.

I merknadene til lovforslaget definerer departementet valkyrkjelydar på denne måten: ”*ein valkyrkjelyd går på tvers av den geografiske soknestrukturen. Ingen kan bli medlem av ein valkyrkjelyd utan sjølv å ville det.*” KKD føreset òg at valkyrkjelydar sjølv skal finansiere arbeidet sitt. Valkyrkjelyden har altså ikkje krav på økonomisk støtte til arbeidet sitt, verken til stillingar eller drift. Lovheimelen stengjer ikkje for at fellesråd og/eller bispedømmeråd kan gå inn med midlar om dei ønskjer det.

Etter behandling og vedtak i Odelstinget og Lagtinget sanksjonerte regjeringa vedtaket 29.04.05.

I førearbeida til lova bruker departementet mange av dei argumenta som Kyrkjemøtet har i sitt brev av 24.09.04 (sjå ovanfor). Departementet presiserer ”*at ein med dette ikkje har teke stilling til spørsmålet om kor tenleg ei ordning med valkyrkjelydar eller forsøket med dette vil vere. Departementet kan likevel ikkje sjå bort frå at forsøk av denne typen kan gi erfaringer som kan vere viktige å ta med seg i arbeidet med den vidare utviklinga av kyrkjeordninga.*”

Lovheimelen

Lovheimelen opnar for at Kyrkjemøtet kan godkjenne forsøk med valkyrkjelydar. Det er for å få erfaring med slike kyrkjelydar. Det er ikkje ein heimel for å skipe slike kyrkjelydar permanent. Både Kyrkjemøtet, Kyrkjerådet og Bispemøtet har ønskt og sett verdien av å prøve ut dette. Det som skal prøvast ut, er eit slags personsokn der enkeltpersonar kan melde seg inn. Når ein melder seg inn i valkyrkjelyden, melder ein seg samtidig ut av sin geografiske kyrkjelyd. Dette er ein forskjell frå ein kategorialkyrkjelyd, der ein samstundes er medlem i sin geografiske kyrkjelyd.

For det andre kan ingen kan bli medlem i ein valkyrkjelyd utan å vilje det sjølv. For det tredje fastset lovheimelen at valkyrkjelyden finansierer arbeidet sitt sjølv. Det vil seie at ein valkyrkjelyd ikkje har krav på finansiering frå stat og kommune på lik linje med geografiske kyrkjelydar.

Soknet

Soknet er den grunnleggjande eininga i Den norske kyrkja (jf. kl § 2). Kwart sokn er ei sjølvstendig juridisk eining. Kwart sokn skal ha eit sokneråd. Soknerådet tek avgjerder og står fram på vegner av soknet (jf. kl § 5). Paragraf 17 i kyrkejelova seier at det skal vere kyrkje i kvart sokn. Fleire sokn i ein kommune kan eige ei kyrkje i lag.

Kyrkjelydsomgrepet

Dei siste åra har det vokse fram forsamlingar som utfordrar tenkjemåten rundt den geografiske kyrkjelydsstrukturen. Særleg i nokre av dei større byane er det skipa forsamlingar som ikkje følgjer denne strukturen, men likevel ønskjer å ha sin plass i Den norske kyrkja på litt forskjellig måte.

Omgrepet "kyrkjelyd" er ikkje eit eintydig omgrep. I kyrkjelova er det brukt om dei personane som bur i eit sokn, og som er medlemmer i Den norske kyrkja. I andre samanhengar er omgrepet brukt annleis. Andre kyrkjesamfunn bruker ordet om sine lokale forsamlingar, og i Den norske kyrkja er det i nokre samanhengar brukt om mindre einingar i soknet. Kyrkjelyd som t.d. Guds kyrkjelyd blir òg brukt om den universelle kyrkja. Det er ikkje noko ønske å avgrense kyrkjelydsomgrepet. For å ha ei felles forståing av omgrepet i dette dokumentet er det teke med nokre typar kyrkjelydar som ofte er omtalte i tilknytning til omgrepet kyrkjelydsbygging/valkyrkjelydar. Det blir berre teke opp problemstillingar som gjeld kyrkjelydsbygging i Den norske kyrkja.

I november 2003 sette Stavanger bispedømmeråd ned ei arbeidsgruppe til å greie ut forskjellige sider ved dette spørsmålet. I april 2005 leverte gruppa ei utgreiing kalla "Menighetsutvikling i Stavanger bispedømme".

Utgreiinga beskriv fire forskjellige slags alternativ kyrkjelydsbygging. Det kan vere tenleg å skilje dei ulike slaga frå kvarandre. Kyrkjerådet synest ikkje det er naturleg å kategorisere alle desse formene for kyrkjelydsbygging som valkyrkjelydar av det slaget som kjem inn under endringa av § 24 sjettedet i kyrkjelova, og den lovheimelen til forsøk som ligg der. Ei beskriving av dei ulike formene for kyrkjelydsbygging er truleg med og forenkla drøftingane rundt ein vanskelig materie. I utgreiinga frå Stavanger er dei ulike formene for kyrkjelydsbygging kalla områdekyrkjelydar, profilkyrkjelydar, kategorialkyrkjelydar og valkyrkjelydar.

Områdekyrkjelyd

Områdekyrkjelydar tilsvare det som tidlegare vart kalla kapelldistrikt eller småkyrkjekyrkjelyd, men forskjellen er at områdekyrkjelydane ikkje har ei eiga kyrkje. Omgrepa kapelldistrikt og småkyrkje forsvann med ny kyrkjelov. Bygginga av det ein kan kalle områdekyrkjelydar, er særleg brukt i vekstområde der det på sikt er naturleg å skilje ut eit eige sokn eller ønskjeleg å organisere arbeidet på ein spesiell måte i eit geografisk område. Områdekyrkjelyden kan vere delar av eit sokn eller delar av fleire. Slik kyrkjelydsbygging kjem ikkje under omgrepet valkyrkjelyd fordi den geografiske strukturen er uendra og medlemskapen er avhengig av geografi. Personar er medlemmer på grunnlag av bustad. Formelt sett er ikkje områdekyrkjelyden eit eige sokn. Oppgåvene i ein slik kyrkjelyd kan ein løyse ved hjelp av delegasjon frå soknerådet (sokneråda) og ved å fordele dei ressursane som er tilgjengelege i prestegjeldet (prestegjelda) etter avtalar (jf. § 8 i Regler om formene for menighetsrådets og kirkelig fellesråds virksomhet). Områdekyrkjelydane blir ikkje sjølvstendige juridiske einingar. Det vil seie at på det feltet ligg dei under soknerådet (sokneråda). Kyrkjerådet ser at det er behov for å arbeide vidare med reglar for slike kyrkjelydar, men at dei treng andre reglar enn ein valkyrkjelyd. Desse spørsmåla kjem til å bli drøfta vidare i arbeidet med kyrkjeleg organisering.

Eit av vilkåra for å kunne skilje ut eit sokn er at der er kyrkje. Derfor kan det ofte ta lang tid før ein kan skilje ut nye kyrkjelydar. Behovet for gudstenestelokale er alltid aktuelt for slike kyrkjelydar. I mange samanhengar er det aktuelt med mellombelse lokale eller å dele kyrkje med hovudsoknet.

Profilkyrkjelyd

Ein profilkyrkjelyd er ein kyrkjelyd med ein bestemt profil på arbeidet sitt. Arbeidet kan vere retta mot menneske med ei bestemt interesse eller menneske i ein spesiell livssituasjon. Ein kan tenkje seg fleire typar profilkyrkjelydar. Ein måte er den modellen som er vald i indre

Bergen by. Der er seks sokn slått saman til eitt, men kyrkjene har ulik profil. I tillegg har dei overlate bruken av éi kyrkje til Kirkens bymisjon og éi til Normisjon. Dei forskjellige kyrkjene har fått sin profil, og eit utval under soknerådet leier arbeidet i kyrkjene. Dermed er det eitt sokn, men kyrkjer med ulike satsingsområde og profilar. Kyrkjelydsmedlemmene er medlemmer i eit geografisk sokn og knyter seg gjerne til den kyrkja og det arbeidet som er mest naturleg for dei i det utvida soknet. Denne modellen er mest aktuell i dei store byane, der folketalet endrar seg og aldersfordelinga mellom dei forskjellige sokna kan vere skeiv.

Omgrepet profilkyrkjelyd er brukt om kyrkjelydar med forskjellig profil i eitt sokn. Dei driv arbeidet sitt etter delegering frå soknerådet. Om profilkyrkjelyden strekkjer seg utover eitt sokn, kjem han under omgrepet valkyrkjelyd.

Kategorialkyrkjelyd

Paragraf 2 i kyrkjelova opnar for kategorialkyrkjelydar. Så langt er det berre døvekyrkja som formelt kjem under denne nemninga. Det spesielle med slike kyrkjelydar er at ein samtidig er medlem både i kategorialkyrkjelyden, med eige sokneråd, og den geografiske kyrkjelyden sin. Medlemmene i ein kategorialkyrkjelyd er altså samtidig medlem i ein lokal geografisk kyrkjelyd. Døvekyrkja har kyrkjelydar med sokneråd spreidde over heile landet. Døvekyrkja er organisert som eige prosti under Oslo bispedømme. Frå 2006 får dei òg sin eigen representant i Oslo bispedømmeråd og dermed i Kyrkjemøtet.

Studentkyrkjelydane er ei anna kyrkjelydsform som kan vere naturleg å plassere blant kategorialkyrkjelydane. Per i dag har studentkyrkjelydane ingen formell plass i kyrkjestrukturen. Prestane blir tilsette som spesialprestar og er i linje gjennom prostene. Det er ikkje semje om korleis slike kyrkjelydar skal vere organiserte. Eit alternativ er å formalisere dei på tilsvarande måte som døvekyrkja. Ein forskjell er at medlemmene i døvekyrkja er varig tilknytte, medan studentane høyrer til studentkyrkjelyden i ein periode. For mange studentar er det naturleg å ha kontakt med heimekyrkjelyden i studietida, slik at dei kan bruke han både i feriar og i samband med dåp og andre kyrkjelege handlingar. Derfor er det ikkje naturleg å knyte slike kyrkjelydar opp mot valkyrkjelydar, som vil bryte den geografiske medlemskapen i heimekyrkjelyden.

Valkyrkjelyd

I utgreiinga "Menighetsutvikling i Stavanger bispedømme" er omgrepet valkyrkjelyd brukt om to slags kyrkjelydar, personkyrkjelydar og forsamlings- og Normisjons-kyrkjelydar. I fleire av dei store byane har Normisjon i dag forsamlingar som fungerer som forsamlingskyrkjelydar og har avtale med biskopen om tilsyn.

Det er framleis ein del uavklara spørsmål rundt denne typen kyrkjelydar. Biskopen har tilsyn med alle ordinerte prestar, men det er usemje om kor langt tilsynet rekk i høve til forsamlinga. Alle kyrkjelydar i Den norske kyrkja står under tilsyn av ein biskop. § 1, siste leddet i Tenesteordning for biskopar seier at "*Biskopen fører tilsyn med at de kirkelige råd i bispedømmet utfører sitt arbeid i lojalitet med den evangelisk lutherske lære*". Det blir gjort mellom anna ved visitasar. I visitasreglementet for Den norske kyrkja står det at "*hvert sokn skal visiteres av biskopen minst hvert 8. år*". Dette kan komme i konflikt med ønsket til organisasjonen om tilsyn med forsamlinga. I nokre samanhengar er det òg uklart om forsamlingane berre praktiserer sakramentforvaltning ved ordinert prest. For Den norske kyrkja er det uheldig om ein vekselvis held seg innanfor og utanfor sakramentforvaltning ved ordinert prest.

Kyrkjerådet arrangerte saman med reformgruppa for kyrkjelege reformer ein konsultasjon på Sola i juni 2005. Her kom det fram at slik kyrkjelydsbygging er mest aktuell i Normisjon. Det Norske Misjonsselskap sa at slik situasjonen er i dag, ønskte dei ikkje å skipe slike kyrkjelydar. Dei ville drive arbeidet sitt innanfor dei ordinære strukturane i kyrkja og har i dag arbeid i det ein kan kalle områdekyrkjelydar og profilkyrkjelydar. Norsk Luthersk Misjonssamband ønskjer ikkje å forstå forsamlingane sine som ein del av strukturen i Den norske kyrkja. Dei ser på seg som ei sjølvstendig foreining der flesteparten av foreiningsmedlemmene er medlemmer i Den norske kyrkje.

Ingen av Normisjons-kyrkjelydane i dag er det ein kan kalle valkyrkjelydar. Dei som høyrer til der, har samstundes medlemskapen sin i Den norske kyrkja gjennom den geografiske strukturen. Om desse kyrkjelydane skal kome inn under forsøket med valkyrkjelydar, må ein tenkje seg at personane melder seg ut av lokalkyrkjelyden sin og inn i Normisjons-kyrkjelyden. Denne kyrkjelyden må så stå under ordinært tilsyn av biskop og ha dei andre juridiske pliktene som kyrkjelydar i Den norske kyrkja har. Det gjeld òg registrering i medlemsregisteret for Den norske kyrkja. Kva slags tilknytning slike kyrkjelydar skal ha til Den norske kyrkja i framtida, treng å bli drøfta vidare både i Normisjon og i Den norske kyrkja. Normisjon har i dag avtale med fleire av biskopane som gjeld kyrkjelydane deira. Desse avtalane regulerer sakramentforvaltning og tilsyn.

Det at fleire av desse organisasjonane har organisert seg med foreiningar som har full sakramentforvaltning, er ei utfordring for Den norske kyrkja. Slike kyrkjelydsbyggjande handlingar skaper ugreie i høve til Den norske kyrkja. For Den norske kyrkja er det derfor behov for vidare samtalar og avklaringar om desse spørsmåla saman med organisasjonane.

Oppsummering

Valkyrkjelydar er kyrkjelydar som på ein eller annan måte blir knytte til den ordinære kyrkjelege strukturen utan å ha den geografiske ramma som er vilkåret for kyrkjelydar i dag. Enkeltpersonar kan melde seg inn i kyrkjelyden uavhengig av bustad. Ved innmelding i valkyrkjelyden melder ein seg samtidig ut av den geografiske kyrkjelyden sin. Ein blir medlem berre i éin kyrkjelyd, valkyrkjelyden. I kategorialkyrkjelyden derimot er ein medlem både i kategorialkyrkjelyden og i den geografiske kyrkjelyden sin.

Lundehaugen

Saka kjem no opp på bakgrunn av søknaden frå Stavanger bispedømmeråd om forsøk med Lundehaugen som person-/valkyrkjelyd i Sandnes. Denne kyrkjelydsbygging tok til i 1999 som eit satsingsområde i ein del av Gand kyrkjelyd. Arbeidet strekte seg etter kvart utover det geografiske området det var tiltenkt, og har òg fått ein annan profil. Stavanger bispedømmeråd søkte Kultur- og kyrkjedepartementet i september 2004 om å få godkjent kyrkjelyden som eit forsøksprosjekt. Bispedømmerådet skriv: *”Det søkes om godkjenning av et forsøksprosjekt der Lundehaugen menighet blir en bymenighet for Sandnes, knyttet til et ikke- geografisk sogn. Denne bymenigheten får en demokratisk struktur, samt medlemskriterier og tilsettingsordninger, som er identiske med det som gjelder for de øvrige menigheter i Den norske kirke.”*

Stavanger bispedømmeråd søkte Kyrkjemøtet på nytt 30.06.05 med tilvising til § 24 sjette leddet i kyrkjelova om valkyrkjelydar om å få Lundehaugen som eit forsøksprosjekt som valkyrkjelyd.

I søknaden heiter det: *”Valgmenigheten skal være en bymenighet for Sandnes, knyttet til et ikke-geografisk sokn. Menigheten får en demokratisk struktur, medlemskriterier og tilsetningsordninger som er identiske med det som gjelder for de øvrige menigheter i Den norske kirke.”*

Stavanger bispedømmeråd ønskjer å finne ei løysing for slike kyrkjelydar i kyrkja. Dei meiner det er uheldig om ein ikkje finn plass til dei i kyrkja, og ser at lovheimelen om forsøk med valkyrkjelydar opnar for å prøve dette.

Vilkåra Kyrkjerådet set for valkyrkjelydar

Kyrkjerådet handsama temaet tre gonger i 2004 med forskjellige vinklingar. I sak KR 27/04 var temaet kyrkjelydsliknande forsamlingar. Kyrkjerådet bad her styringsgruppa for kyrkjelege reformer om å hente inn erfaringar for å finne fram til aktuelle modellar og ordningar som kan prøvast ut.

I sak KR 53/04 ”Forsøk med Lundehaugen menighet som bymenighet og personsokn i Sandnes” vart administrasjonen beden om å arbeide for ein utvida forsøksheimel, og den konkrete behandlinga av Lundehaugen vart utsett til neste møte.

I sak KR 57/04 ”Anmodning om støtte til forsøk med ikke-geografisk sokn” vedtok Kyrkjerådet:

- 1. Kirkerådet anbefaler at det gjennomføres et forsøk med Lundehaugen menighet som et ikke-geografisk sokn i Sandnes by, slik forsøket er skissert i søknaden fra Stavanger bispedømmeråd til Kultur- og kirke departementet.*
- 2. Kirkerådet forutsetter at det, verken formelt eller reelt, blir stilt andre kriterier for medlemskap i Lundehaugen menighet enn dåp. Videre forutsetter Kirkerådet at forsøket blir tilstrekkelig tydelig definert før igangsetting og at forsøket blir grundig evaluert. Evalueringen må også omfatte konsekvensene for de andre soknene i Sandnes. Kirkerådet vil også understreke at det er snakk om et forsøk. Dette betyr blant annet at det må foreligge en reell mulighet for å avvikle det ikke-geografiske soknet ved utløpet av forsøksperioden.*
- 3. Kirkerådet ber sekretariatet følge opp saken med sikte på at forsøket kan igangsettes.*

Behandlinga i Bispemøtet

Bispemøtet har òg behandla saka om kyrkjelydsliknande forsamlingar i fleire omgangar. I 1990 drøfta Bispemøtet det aktuelle temaet kyrkjelydsbygging og nye fellesskapsformer (sak BM 02/90). Bispemøtet var òg inne på liknande problemstillingar i fråsegna om alternativt kyrkjeleg tilsyn (sak BM 19/01). Sidan den gongen har Bispemøtet hatt saka til handsaming ei rekkje gonger (sak BM 13/03, 22/03, 04/04, 16/04, 33/04). Siste gongen Bispemøtet behandla saka var i sak BM 01/05 ”Forsøk med alternative menighetsdannelser”. I protokollen frå møtet seier Bispemøtet mellom anna:

Bispemøtet vil oppmuntre til at spørsmål knyttet til en fremtidig menighetsstruktur i Den norske kirke blir gjenstand for en bred erfaringsbasert drøfting i årene som kommer. Kirken må til enhver tid foreta en kritisk prøving av sine nedarvede ordninger og organisasjonsformer. Det overordnede kriterium må være at ordningene tjener formidlingen av evangeliet. Ordningene skal legge til rette for at kirken som felleskap kan samles om Ordet og sakramentene, slik at troen på den treenige Gud vekkes og næres og menigheten utrustes til tjeneste i verden.

Som gudstjenestefeirende, misjonerende og tjenende fellesskap møter kirken i vår tid nye utfordringer. Det har skjedd store endringer i bosettingsmønster og kommunikasjoner i vårt land. Tilhørigheten til lokalsamfunnet er mange steder svekket, og mennesker søker kristent fellesskap andre steder enn i sitt nærmiljø. Mange etterspør sammenhenger hvor ulike menighetsaktiviteter for alle aldersgrupper er samlet "under ett tak". Dette stiller nye krav til kirkebygg og fellesskapsformer.

Dette er bakgrunnen for at enkelte biskoper har gitt sin støtte til å prøve ut nye menighetsformer som kan supplere de geografisk avgrensede soknene.

De frivillige kristelige organisasjonene har hatt en uvurderlig betydning for kirke og kristenliv i vårt land. Personlig engasjement og nådegaver har her kunnet utfolde seg til velsignelse for Den norske kirke. Det er viktig at organisasjonenes egenart fortsatt blir respektert.

Dersom vår kirke nå får en forsøksordning med valgmenigheter, vil utprøving av alternative menighetsformer kunne skje både innenfor rammen av de frivillige organisasjonene og i form av forsøksmenigheter som godkjennes av Kirkemøtet. Kirken vil dermed kunne høste et bredt tilfang av erfaringer som kan legges til grunn for arbeidet med den fremtidige menighetsstruktur.

Bispemøtet vil ikke foregripe konklusjonene som skal trekkes på bakgrunn av denne forsøksvirksomheten. Imidlertid finner Bispemøtet det nødvendig å peke på noen grunnleggende vilkår som må oppfylles dersom forsøk med alternative menighetsdannelser skal ha sin plass innenfor rammen av Den norske kirke:

1.

Medlemskap i Den norske kirke er basert på dåp. Vår kirke lærer at vi gjennom dåpen mottar Guds frelse som en gave og innlemmes i Kristus, den korsfestede og oppstandne Herre. Når kirkemedlemskapet slik knyttes til dåpen, er dette mer enn bare et juridisk forhold. Dette forholdet uttrykker hva som er konstituerende for kirken. Kirken har ikke sitt grunnlag i menneskelige kvaliteter eller prestasjoner, men bæres av Guds nåde i Jesus Kristus. Som Kristi legeme i verden skaper og opprettholder ikke kirken seg selv, men lever og fornyes ved Åndens gaver som Gud skjenker kirken.

Dette synet på dåpen og kirken må få følger for medlemskap i valgmenigheter eller andre former for "alternative" menigheter i Den norske kirke. Det må ikke stilles krav til medlemskap som kommuniserer en annen forståelse av dåpen og kirken enn den som vår kirken bekjenner og lærer.

2.

Hele kirken har som oppdrag fra sin Herre å kunngjøre evangeliet om Kristus i ord og handling. Til å samle og bygge opp kirken og utruste den til sitt oppdrag har Gud

innstiftet en særskilt tjeneste med å forkynne evangeliet og forvalte sakramentene. Den norske kirke kaller, prøver og vigslar prester til dette oppdraget. Prestens tjeneste skjer i samvirke med en mangfoldig frivillig tjeneste i menigheten. Også lekfolket tar del i oppgaver knyttet til forkynnelse og sakramentsforvaltning.

Den ordning at en ordinert prest har pastoralt lederansvar, må også gjelde for de menighetsformer som det nå gjøres forsøk med. Etter vår kirkes bekjennelse skal den som forkynner og forvalter sakramentene i menigheten, være rett kalt (CA 14). Også avtaler som er inngått med andre kirker, forplikter Den norske kirke til å fastholde den ordinerte tjeneste som en grunnleggende funksjon i menighetene.

Som ledd i forsøkene med alternative menighetsdannelser bør ulike måter å tilsette prester på prøves ut. Ved å få velge prest selv vil forsøksmenighetene kunne knytte til seg prester som styrker den enkelte menighets profil og egenart.

3.

Den norske kirke betror biskopene å føre tilsyn med menighetene. Tjenesteordningen for biskoper forplikter kirkens tilsynsmenn til gjennom forkynnelse og sakramentsforvaltning å ta vare på den apostoliske lære og fremme og bevare enheten i Guds kirke. Til biskopenes tilsyn hører også å oppmuntre og veilede menighetene, de tilsatte og frivillige medarbeidere.

Det episkopale element i vår kirkeorganisasjon er i nyere tid stadfestet av Kirkemøtet som en tjenlig ordning som skal føres videre i Den norske kirke. I vår kirke er biskopens tilsyn en grunnfestet ordning som forplikter biskopene. Det følger av dette at også valgmenigheter og andre menighetsformer som supplerer den ordinære soknestructur i Den norske kirke, vil være omfattet av biskopens tilsyn.

Det biskoppelige tilsyn kan imidlertid utøves på ulike måter. Etter gjeldende tjenesteordning kan prostene utøve tilsyn på biskopens vegne. En slik tilrettelegging av biskopens tilsyn bør kunne inngå i noen av de forsøkene som nå gjøres med supplerende menighetsformer.

Vurdering

Kyrkjerådet meiner at Kyrkjemøtet bør delegerer til Kyrkjerådet å handsame enkeltsøknader om godkjenning som valkyrkjelydar. Grunngevinga er at Kyrkjemøtet er samla berre ein gong i året, og det er behov for å kunne godkjenne eller avvise slike saker hurtigare. Kyrkjemøtet er òg eit for stort forum til å drøfte enkeltsaker av slik karakter. Kyrkjemøtet bør drøfte og fastsetje kva slags forsøk ein bør gjere, og kva kriteria skal vere for forsøk med valkyrkjelydar. Vedtak om konkrete forsøk med valkyrkjelydar bør delegerast til Kyrkjerådet.

Både Kyrkjerådet og Bispemøtet har sagt noko om kva krav som bør vere absolutte for å godkjenne alternativ kyrkjelydsbygging, også medrekna valkyrkjelydar. Det er dåp som einaste kravet for medlemskap, krav om ordinert presteneste til å ha ansvar for å forvalte ord og sakrament og godkjenning av biskopens tilsynsansvar overfor kyrkjelyden og dei tilsette. Det er eit ønske at dei kyrkjelydane som blir godkjende som valkyrkjelydar, så langt råd er, kan fungere som sokn i samsvar med kyrkjelova. Det vil seie at ein må vurdere kyrkjelyden i høve til ein del av paragrafane i kyrkjelova. Bispemøtet ønskjer på same måten som Kyrkjemøtet og Kyrkjerådet, ei brei drøfting tufta på erfaringar, for å finne dei ordningane som tener kyrkja.

Det er ein del element ein bør vurdere når Kyrkjemøtet skal fastsetje kriteria for å godkjenne valkyrkjelydar:

Kyrkjebygg

Paragraf 19 i kyrkjelova seier det skal vere ei kyrkje i kvart sokn. Det har ikkje noko for seg å krevje eiga kyrkje for kyrkjelydar som skal vere med i ei forsøksordning. Kyrkjelyden må ha tilgang til eit gudstenestelokale, ein bør til dømes kunne gjere avtale om å bruke kyrkjer som ligg i nærområdet.

Sokneråd

Paragraf 5 i kyrkjelova fastsette at kvart sokn skal ha eit sokneråd. Paragrafane 6–9 utdjuvar samansetjinga og oppgåvene til soknerådet. Også valkyrkjelydar i Den norske kyrkja må ha demokratiske ordningar for val av sokneråd og leiing av kyrkjelyden. Ordningane bør så langt råd er, ha same strukturen som i dei ordinære sokna. Valkyrkjelydane bør kunne ha sin eigen profil på arbeidet, men dei demokratiske strukturane må liggje i botnen.

Fellesråd/prosti

Alle kyrkjelydar i Den norske kyrkja er knytte til eit prosti. For ein valkyrkjelyd er det mest naturleg å vere knytt til prostiet der valkyrkjelyden har si adresse eller sitt gudstenestelokale. Andre alternativ kan t.d. vere det prostiet der dei fleste medlemmene har si adresse, men det kan føre til endringar i tilknytning til prosti etter som medlemsmassen endrar seg. For å kunne evaluere forsøket på ein god måte er det viktig at ein har klare vilkår på førehand. I nokre samanhengar blir det naturleg å knyte kyrkjelyden opp mot eit fellesråd, men det er avhengig av om kyrkjelyden har ei naturleg geografisk tilknytning til ein kommune. Kyrkjerådet meiner ein valkyrkjelyd bør vere knytt til eit fast prosti i forsøksperioden uavhengig av korleis tilknytninga er bestemt.

Medlemskap

Både Kyrkjerådet og Bispemøtet har sett som vilkår at kyrkjelydar i Den norske kyrkja ikkje skal ha noko anna kriterium for medlemskap enn dåp. Det gjeld òg for medlemskap i ein valkyrkjelyd. Likevel trengst det reglar for korleis ein registrerer medlemskap. I dag får medlemmer i Den norske kyrkja tilhøyre til kyrkjelyd etter heimstadaadresse. Ein treng ikkje å melde seg inn eller ut av kyrkjelyden om ein flyttar. For valkyrkjelydar må dei som ønskjer å vere medlem, sjølv melde overgang frå sin geografiske kyrkjelyd og til valkyrkjelyden. Medlemsregisteret for Den norske kyrkja er i dag bygt opp med heimstadaadresse som grunnelement. Det vil seie at medlemmene blir plasserte i ein kyrkjelyd etter geografisk adresse. I prøveperioden må ein finne andre måtar å løyse registreringa av medlemmer til valkyrkjelydar på. Elektronisk kyrkjebokføring av slike kyrkjelydar krev omskriving av programmet i medlemsregisteret. Når det gjeld Lundehaugen, føreslår Stavanger bispedømme at medlemmer i Sandnes kommune kan melde overgang sidan Lundehaugen skal vere ein bykyrkjelyd for Sandnes, og at andre som ønskjer medlemskap, melder frå til Lundehaugen, som så søker biskopen om få overført medlemskapen i samsvar med ordninga i § 4 i kyrkjelova:

I særlege tilfelle kan biskopen etter samtykke fra vedkommende menighetsråd samtykke i at en person for et begrenset tidsrom gis stemmerett i et annet sokn enn vedkommende er bosatt i.

Kyrkjerådet meiner denne løysinga kan vere farbar for kyrkjelydar som Lundehaugen, men at ein må vurdere dei to måtane å overføre medlemskap på i samband med den einskilde søknaden om å delta i prøveordninga. På sikt er det ønskeleg å finne ei løysing i det ordinære medlemsregisteret.

Tilsetjingar

Ein valkyrkjelyd ønskjer oftast ein spesiell profil på kyrkjelyden. Derfor bør kyrkjelyden åleine kunne tilsetje dei arbeidarane som dei sjølv betaler lønn til. Når det gjeld stillingar som bispedømmerådet eller eit fellesråd eventuelt delfinansierer, må partane drøfte seg imellom. I dei ordinære kyrkjelydane er det kyrkjelova og avtalar mellom partane som regulerer både tilsetjingar og arbeidsgivarmynde. Dette må avklarast i samband med skipinga av den einskilde valkyrkjelyden. Utgangspunktet må vere at vanlege reglar for tilsetjingar i kyrkja gjeld i desse samanhengane òg. Ein kan tenkje seg at kyrkjelyden kjøper nokre tenester frå fellesrådet der valkyrkjelyden har si adresse. Kravet om biskopens tenestebrev for tilsette i vigsla stillingar gjeld like fullt. Det blir òg eit vilkår at sentralt vedtekne tenesteordningar for vigsla stillingar så langt dei passar, gjeld i kyrkjelyden.

Økonomi

Sjølv om Kyrkjerådet føreslår at valkyrkjelyden kan vere knytt til eit fellesråd, utløyser ikkje det automatisk økonomiske plikter for fellesrådet/kommunen. Departementet har i førearbeida til lova understreka at § 14 i kyrkjelova om ansvaret til fellesrådet ikkje slår ut for valkyrkjelydar. Det same gjeld dei pliktene kommunen har etter § 15 i kyrkjelova. Forsøksheimelen er ikkje til hinder for at eit bispedømmeråd eller eit fellesråd kan støtte ein valkyrkjelyd om dei ønskjer det ut frå eigne strategiske vurderingar.

Kyrkjebok / statlege tenester

Skal ein valkyrkjelyd fungere som ein ordinær kyrkjelyd, må han ha eiga kyrkjebokføring og ansvar for kasualia, dvs. dåp, vigsel, gravferd og andre slike kyrkjelege handlingar, i eigen kyrkjelyd. I dag er det soknepresten som har ansvar for å føre kyrkjebøkene. Kyrkjelege handlingar skal først med nummer i den kyrkjelyden tenesta blir utført i. I bustadkyrkjelyden blir handlinga ført inn utan nummer. Det er eit ønske at òg valkyrkjelydar har eiga kyrkjebokføring, men ein kan tenkje seg andre løysingar i prøveperioden. Likevel blir det viktig i forsøksperioden å få prøvt ut kyrkjelydar der alle oppgåvene i eit sokn er lagde til valkyrkjelyden. I § 13 i Tenesteordning for kyrkjelydsprestar er ansvaret for å føre kyrkjebok lagt til sokneprest. I valkyrkjelydar er det naturleg å leggje slikt ansvar på ordinert prest. Det same gjeld ansvaret for å følgje opp statlege oppgaver.

Nokre av Normisjons-kyrkjelydane har i dag avtale med biskopen om å føre inn dåp i kyrkjeboka i ein av kyrkjelydane i området der Normisjons-kyrkjelyden held til. Denne løysinga kan òg vere eit alternativ for ein valkyrkjelyd, særleg i ein prøveperiode. Kyrkjerådet meiner likevel at det på sikt må vere eiga kyrkjebokføring for valkyrkjelydar òg.

Regelverk

I utgangspunktet er det dei vanlege reglane for økonomistyring, budsjettering og rapportering som skal gjelde for ein valkyrkjelyd. Det same gjeld reglane i kyrkjelova på dei punkta som det ikkje er gjort unntak for i lovheimelen. Ein valkyrkjelyd skal vere ein kyrkjelyd som er annleis ved måten å bli medlem på, dvs. gjennom innmelding, og ikkje ved at han er utan regelverk. Likevel kan det vere element som kyrkja ønskjer å prøve ut i forsøksperioden. Det må ein i så fall konkretisere når ein set opp forsøksavtalen.

Prøveperiode

Før prosjektet blir sett i gang, er det viktig å definere kor lenge prøveperioden skal vare. Det er nødvendig å strekkje han over så lang tid at det er mogeleg å kunne sjå om arbeidsmåten og metoden er ein tenleg måte å organisere og drive ein kyrkjelyd på. Samtidig er det viktig at perioden ikkje blir så lang at kjensla av forsøk blir borte. Derfor bør tidsramma vere på 3–5 år. Det kan vere nyttig å la forsøket følgje ein soknerådsperiode.

Evaluering

Det er gitt heimel til å drive forsøk med valkyrkjelydar, noko som inneber at ein i prøveperioden treng eit system for å evaluere forsøket. Det er nødvendig både for å kunne justere undervegs, sjå om det er ein gagnleg måte å organisere kyrkjelydar på i Den norske kyrkja og samle dei erfaringane ein får, slik at dei kan nyttast i andre samanhengar òg. Stavanger bispedømmeråd føreslår å setje ned ei styringsgruppe til å leie forsøket med Lundehaugen, og at gruppa får slik samansetjing:

Styringsgruppa er samansett av representantar som vert oppnemnde av følgjande organ:

<i>Lundehaugen kyrkjelyd</i>	<i>Inntil 2 representantar</i>
<i>Sandnes kyrkjelege fellesråd</i>	<i>1 representant</i>
<i>Kyrkjerådet</i>	<i>1 representant</i>
<i>Stavanger bispedømmeråd</i>	<i>1 representant</i>

Stiftsdirektøren engasjerer sekretærhjelp til styringsgruppa.

Kyrkjerådet meiner ei slik samansetjing av ei styringsgruppe er tenleg. Ho kan fange opp innspel frå lokalt plan samstundes som ein kan ta inn dei sentralkyrkjelege vurderingane i prosjektet. Såleis får ein inn både det lokalkyrkjelege og det heilkyrkjelege aspektet i forsøket.

Opphøyr

I sitt vedtak i sak KR 57/04 punkt 2 seier Kyrkjerådet at ”*det må foreligge en reell mulighet for å avvikle det ikke-geografiske soknet ved utløpet av forsøksperioden*”. Det er nødvendig å regulere kva reglar som i så fall gjeld. Å avvikle eit ikkje-geografisk sokn bør liggje til same organa som har oppretta det. Korleis ein skal forvalte eventuelle midlar og bygg ved eit slikt vedtak, må vere klart når soknet blir skipa. § f 1 i kyrkjelova seier at ”*soknet er den grunnleggende enhet i Den norske kirke, og kan ikke løses fra denne*”. Det vil seie at midlar som høyrer til ein valkyrkjelyd, i utgangspunktet høyrer til Den norske kyrkja.

Framlegg til kriterium for å godkjenne valkyrkjelydar

1. Kyrkjelyden har dåp som medlemskriterium.
2. Kyrkjelyden deler visjonen til Den norske kyrkja (slik Kyrkjemøtet uttrykkjer han).
3. Kyrkjelyden har ein ordinert prest som er ansvarleg for å forvalte ord og sakrament.
4. Kyrkjelyden er villig til å ta ansvar for alle kyrkjelege handlingar for medlemmene i kyrkjelyden.
5. Kyrkjelyden står under biskoppeleg tilsyn, jf. § 1 siste leddet i Tenesteordning for biskop.
6. Det ligg føre eit forsvarleg økonomisk fundament for kyrkjelyden i forsøksperioden.

7. Det er avklart korleis ein skal løyse oppgåver som gjeld forvaltning og arbeidsgivaransvar, som til dømes kyrkjebokføring, tilsetjingar og rapportering, og kva slags økonomiske avtalar som skal gjelde dersom valkyrkjelyden blir oppløyst.
8. Det må vere mogeleg å knyte valkyrkjelyden organisatorisk til dei regionale og/eller sentrale kyrkjelege organa.
9. Det skal skipast ei styrings-/referansegruppe med representantar for lokalt, regionalt og sentralt kyrkjeleg organ som følgjer forsøket.
10. Forsøket skal til evaluering når forsøksperioden er over.

Søknadsprosedyre

For å sikre ei forankring også regionalt meiner Kyrkjerådet at søknader om forsøk med valkyrkjelyd skal gå tenestevegen om bispedømerådet. Søknaden må innehalde dokumentasjon som viser at kyrkjelyden oppfyller dei kriteria Kyrkjemøtet har sett til valkyrkjelydar.

For å sikre ei forsvarleg handsaming i rimeleg tid føreslår Kyrkjerådet at søknader om å delta i forsøk med valkyrkjelydar blir behandla administrativt og godkjende av direktøren etter dei kriteria Kyrkjemøtet har vedteke. Det er fordi det handlar om forsøksarbeid og fordi handsamingsprosessen ikkje bør bli for lang. Det rimelege då er at Kyrkjerådet er klageinstans. Både søkjarkyrkjelyden og bispedømmerådet kan klage avgjerda til direktøren inn for Kyrkjerådet.

Administrasjonen rapporterer til Kyrkjerådet ein gong i året om kva slags saker som er handsama, og kor mange som er godkjende og avviste.

Økonomiske/administrative konsekvensar

Forslaget kjem til å krevje administrative ressursar til å utarbeide kriterium for å godkjenne og behandle søknader. Det er vanskeleg å seie ein sum fordi ein ikkje veit kor mange søknader det kan bli. I tillegg må ein rekne med nokre utgifter til reise og administrasjon for å delta i styrings-/referansegruppa for kvart forsøk.